

Historikar tek oppgjør med fredsjubileet:

– Flagga må henge side om side

Historikar og forfatter Eystein Eggen, som har skrive bok om si rolle som nazi-barn, kjem med hard kritikk av det planlagte frigjøringsjubileet i Norge. Eggen meiner det må vere Regjeringa, og ikkje motstandsfolket frå krigen, som står bak fredsjubileet. – Når Helmut Kohl og John Major skal stå saman den 8. mai i Berlin, er det meningslaust at den tyske ambassadøren skal føle seg uønska til norske arrangement. Flagga frå Norge, England og Tyskland må henge side om side den 8. mai, seier Eggen til Sunnmørsposten.

Bård Siem

Eystein Eggen deltek på det store seminaret «Okkupasjon, historie og media» som for tida går føre seg på Høgskulen i Volda. Seminaret tar opp krigen og historia rundt på brei basis. Eggen speier ei spesiell og kontroversiell rolle under seminaret, sidan han ber med seg

barndomen som son til to framtrekande nazi-foreldre.

«Brannfakkel»

No kastar historikaren ein skikkeleg «brannfakkel» berre veker før 50-års jubileet for frigjeringa. Eggen seier han forstår dei som tok Tyskland sitt parti, og han tar eit oppgjør med det han kallar glansbiletet av England. Han mårner til full forsoning mellom tyskarar og dei han kallar norske tysklands-sympatisørar på den eine sida, og dei allierte på den andre. Eggen seier offentlege personar frå Tyskland må inviterast til fredsjubileet, og meiner det tyske flagget må henge side om side med det engelske og norske.

– Fredsjubileet vil vere meningslaust om det ikkje blir lagt opp på full forsoning, seier ein svært så engasjert Eystein Eggen i samtalar med Sunnmørsposten.

Forferdeleg oppvekst

Eystein Eggen vart fødd i 1944. Faren var redaktør i nazi-magasinet «Germanisk Budstikke», som var hovedorganet til SS i Norge under krigen. Mora var framtrekande i utgevinga av «Heim og ætt», nazi-organet for bondkvinnene i Norge. Etter krigens slutt reidde foreldra kvar til sitt for å unnga straff, men etter kvart vart familien samla igjen i Oslo. Eystein Eggen vaks opp saman med foreldra som vart meir og meir forbitra over tapet. Faren byrja

å drikke og mora kom i psykisk ubalanse.

Følte seg som tapar

– Eg vaks på ein måte opp der foreldra mine si tapskjenne vart ein del av meg. Eg følte meg mindreverdige og vart isolert. Oppveksten vart det reine «helvete», seier Eystein Eggen, som tydeleg ber preg av ein langvarig kamp.

Eggen deler lagnad med fleire titals tusen andre nazi-barn i Norge, som følte oppveksten og mobbinga som svært øydeleggende.

Tok oppgjør med foreldra

Eystein Eggen har tatt oppgjør med foreldra og deira arroganse, fordi dei aldri kunne innrømme nazistane sin fallitt. Men samtidig føler han tida er inne til å ta eit oppgjør med det han kallar den rådande anti-haldninga mot Tyskland.

Eggen respekterer begge sidene sine syn under den andre verdskrigen. – Eg har full forståing for motstandskampen i Norge, og at det vart oppreist mot dei tyske inntrengarane. Samtidig forstår eg også dei som fall over på Tyskarane si side. Eg forstår dei ut frå tida og tilhøve som rådde i Europa på 1930-talet. Tyskland fekk skulda for den første verdskrigen, og vart tvinga inn i eit økonomisk jarngrep som dei ikkje så ende på. Arbeidsleiosa nådde rekordhøgder og problema lærna seg opp i Europa, seier historikaren.

Refsar England

Han held fram: – Samtidig sat Storbritannia med sitt imperium, og den undertrykking dette har medført. I byrjinga av 1940 var trusselen om invasjon frå England like reell som frå Tyskland. Seinare framlagte planer visser nettopp dette. Midt opp i denne turbulente tida var det enkelte som valde Tyskland framfor England. Dei tok ikkje side for nazismen si skuld, men dei valde Tyskland føre England. Dette må ein ha forståing for ut frå den tida dette skjedde, seier Eggen. Han har ikkje noko utfyllande forklaring på kvifor så mange, også nordmenn, kunne støtte nazistane sin forferdelege ideologi, der den eine rasen var meir verdtt enn den andre. Eggen meiner dei norske tyskar-sympatiserane ikkje var klar over gassinga av jødane.

Forsoning

Eggen meiner fredsjubileet, slik det no blir lagt opp til, verkar meningslaust.

– Det er 50 år sidan krigen slutta, og Tyskland er den nye stormakta i Europa. Framover vil vi få endå sterkare samkvem med Tyskland. Kvifor skal vi då arrangere eit fredsjubileum der tyskarar kjennar seg uønska. No må vi sjå framover, og fullstendig forsoning er den einaste vegen for å kome vidare, er budskapet frå Eystein Eggen.



Historikar og forfatter Eystein Eggen har forståing for at enkelte valde tyskarane si side under den andre verdskrigen. Eggen er son til framtrekande nazi-foreldre under krigen.

Vil ikkje ta nazistar i handa

Det to motstandskarane Peder K. Rørvik (75) og Sverre O. Roald (79) frå Vigra meiner det er svært viktig med forsoning. Men det går ei grense. Dei vil ikkje sjå noko tysk flagg på norsk jord den 8. mai. Dei vil heller aldri kunne ta ein norsk krigs-nazist i handa. – Det er løgn å påstå at det norske folk ikkje visste om nedslaktinga av jødane, seier Roald til Sunnmørsposten.

Bård Siem

Både Peder K. Rørvik og Sverre O. Roald gjorde ein formidabel jobb for Norge under den andre verdskrigen. Med fare for sine eigne liv kjempa dei mot nazistane i fleire år. Rørvik drog til England i september 1941, og tok militær utdanning der. Resten av krigen tenestegjorde han på eit norsk krigsskip, og var med under slaget ved Normandie i juni 1944. Roald var aktiv motstandsmann i under heile krigen. Han var mellom anna med på organiseringa av Eng-



Krigsveteranane Sverre O. Roald (79) og Peder K. Rørvik (75) frå Vigra meiner det er løgn å påstå at ingen var kjend med nedslaktinga av jødane under andre verdskrigen.

lands-farten og redda livet til fleire motstandsfolk som vart skotne i senk av tyskarane. Dei siste tre vekene av krigen sat han i tysk fangenskap i fengsel i Ålesund. Begge har prøvd å gjere seg ferdig med dei vonde og harde minna frå krigen, men dei greier aldri å

gleyme.

Rørvik og Roald meiner tida no er inne til mest muleg forsoning og til å sjå framover, men dei skil lag med historikaren Eystein Eggen på fleire punkt. Dei vil mellom anna ikkje høyre snakk om tyske flagg på norsk jord den

8. mai. Dei meiner dette vil verke direkte provoserande og skape vonde minner. Også når det gjeld dei norske nazistane, meiner dei forsoninga må vente. Men motstandskarane har ikkje noko imot å ta ein tyskar, som var soldat i Norge under krigen, i handa.

Dei fleste tyske soldatane vart tvinga inn i krigen, men det vart ikkje dei norske nazistane. Nazistane tok eit selvstendig val om at dei ville gå over på fiendane si side. Dette kan ikkje forsonast, hevdar dei to.

Sverre O. Roald tar avstand frå fleire av Eystein Eggen sine synspunkt.

– Det er umuleg å forstå og godta at nordmenn skulle gå over til nazistane sine rekkjer. Tyskarane dreiv angiveri og utrensking av norske motstandsfolk. Dei såg alle som ville sjå. Påstandane om at dei norske nazistane ikkje var kjend med gassinga av jødane og andre grusomheiter er rein løgn, seier Roald.

Sjølv om motstandskarane og Eggen er usamde på fleire punkt, har dei ingen problem med å ta kvarandre i handa.

– Eggen er son til ein nazi-familie, noko han ikkje på nokon måte kan skuldast for. Vi tar direkte avstand frå mobbinga av nazistane sine etterkomarar, seier Roald og Rørvik til Sunnmørsposten.

108447